

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 15.08.2008  
Sakhandsamar: Hans K. Stenby  
Saka gjeld: **Korridorpasientar i Helse Stavanger HF**

**Arkivsak**  
2008/408/  
**Styresak 085/08 B**

**Styremøte 17.10. 2008**

---

## Bakgrunn

Helse Stavanger HF har over lengre tid hatt mange pasientar liggande på korridorar i sjukehuset. Det gjeld både innan somatikk og psykisk helsevern.

Det er frå føretaket si side tatt grep for å redusera omfanget. Innan psykisk helsevern har ein klart å redusera omfanget betrakteleg. Innan somatikk har ein fortsett ei stor utfordring. Helsetilsynet i Rogaland følgjer denne saka nøye.

Det blir her gitt ei oversikt over utviklinga.

## Kommentarar

### Uviklinga innan psykisk helsevern

Ved psykiatrisk klinikk var det i første halvår 2007 i gjennomsnitt i overkant av 4 korridorpasientar i akuttpostane. Frå hausten 2007 er talet kraftig redusert. Frå 1. okt. 2007 og ut mai månad 2008 har det vore under ein korridorpasient i snitt og snittet har låge nærare 0 enn 1 (0,1 %).

Denne utviklinga har også fortsett frå juni 2008 fram til august 2008 (0,34 %).

### Utviklinga innan somatikk

Talet på korridorpasientar har i Helse Stavanger vore svært høgt ikkje berre i regional samanheng men også nasjonalt. Det var i 1. og 2. tertial 2007 høvesvis 41,4 og 45,9 korridorpasientar i snitt.

Helsetilsynet i Rogaland har i brev av 24.12.07 uttrykt bekymring for situasjonen. Tilsynet viser til Statens helsetilsyn sin rettleiar for overbelegg og korridorpasientar (IK-2730) kor følgjande konsekvensar går fram:

- mulighet for å gi god behandling svekkes
- fare for feilbehandling og uhell øker
- god hygiene er vanskelig å opprettholde, og faren for sykehusinfeksjoner og smittespredning øker
- pasientens integritet og alminnelige verdighet krenkes

- personalets tid til den enkelte pasient reduseres
- arbeidsmiljøet for de ansatte svekkes
- brannsikkerheten svekkes

Det blir anbefalt ein gjennomsnittleg beleggspersent på 85 % på årsbasis på einingar med høg del akutt hjelp og 90-95 % for einingar som i hovudsak har planlagt aktivitet.

Korridorpasientar bør i prinsippet ikkje akseptast men berre godtakast som naudløysing i korte periodar, jf også oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2008 kor det heiter at det normalt ikkje skal vere korridorpasientar.

Dei negative konsekvensane vil auke med aukande overbelegg og det blir vurdert slik at eit overbelegg ut over 10 -15 % av ordinær sengekapasitet vil gi stor risiko for uforsvarleg drift.

Tilsynet har for 2008 bedt om kvartalsvis rapportering som viser m.a. belegg og korridorpasientar, leiinga si vurdering, tiltak som Helse Stavanger set i verk, behov for nye tiltak og leiinga si vurdering i høve til om drifta er forsvarleg.

I brev av 27.04.08 gir Helse Stavanger ei tilbakemelding for 1. kvartal 2008 til tilsynet.

Denne viser at det har vore eit høgt tal korridorpasientar også i denne perioden sjølv om det kan vere tendens til ein viss reduksjon. Drifta vert av Helse Stavanger ikkje vurdert som uforsvarleg.

Full drift av det nye akuttmottaket (MOBA) som blei opna 1. april 2008, er forventa å gi positiv effekt. Det blir også vist til at det er tilsett pasientflytkoordinatorar og sett i verk tiltak for å auke bruken av pasienthotellet. Legebemanninga er styrka ved medisinsk avdeling på kveldstid. Tiltaka vil gi full effekt andre halvår 2008.

I brev av 05.05.08 uttrykker tilsynet bekymring for situasjonen ikkje minst knytta til at situasjonen kan bli meir krevjande sommaren 2008 på grunn av ferieavviklinga. Det blei bedt om ei risikovurdering til eit nytt kontaktmøte 27.05.08. Helse Stavanger oversendte ei slik vurdering i brev av 25.05.08 til tilsynet. Det er også arbeidd med vidare tiltak.

Det er frå veke 26 til veke 44 (nov. 2008) laga ein plan for gradvis nedtrapping av talet på korridorpasientar. Det er sett måltal for kvar veke for medisinsk og kirurgisk divisjon og samla. Talet skal reduserast til maksimalt 6 korridorpasientar innan veke 44.

Det er forventa større kapasitet i MOBA hausten 2008 og ein annan sengepost utvidar kapasiteten med 5 senger som kan nyttast som kontaktsmitteisolat. Det vil fortsett vere fokus på bruk av pasienthotellet og det er planlagt oppretta ein sjukepleiesentral som skal kunne avhjelpe pasientar på hotellet som treng enklare assistanse. Samarbeid med Stavanger kommune om ein intermediærpost med 16 plasser på Stokka sykehjem kan også bidra til å redusera talet på korridorpasientar.

Helse Stavanger har kvar veke frå veke 26 sendt ein rapport som viser utviklinga til både tilsynet og Helse Vest RHF i høve til måltala. Så langt viser utviklinga at talet på korridorpasientar har gått ned i sommar men aukar no og ligg frå veke 36 over måltala. Den siste oversikta som gjeld veke 38 er vedlagt.

Helse Stavanger har så langt ikkje klart å auka bruken av pasienthotellet. Det er berre brukt ca 30 plassar i hotellet for pasientar.

Styret i Helse Stavanger HF behandla saka sist i styremøte 16.06.08, jf sak 61/08. Styret fatta følgjande vedtak:

1. Bruk av korridor til pasientopphold skal som hovedregel være avviklet senest ved utgangen av oktober 2008.
2. Styret støtter de tiltak som administrerende direktør beskriver i saken og ber om at disse iverksettes.

3. Styret ber om ukentlige rapporter pr e-post gjennom sommeren med oversikt over korridorpasienter, bruk av pasienthotellet og vurdering av driften i OBA. (Observasjons- og behandlingsavdelingen i MOBA)

## Vurdering

Innan psykisk helsevern har det vore ei god utvikling. Helse Stavanger har klart å redusera bruken av korridor plassar kraftig. Frå eit snitt på over 4 korridor pasientar tidleg i 2007 har snittet no over lengre tid vore under 1 pasient.

Det er likevel viktig å halde fram at det ikkje skal vere korridor pasientar i akuttpostar i psykisk helsevern.

Innan somatikk har Helse Stavanger fortsett ei stor utfordring. Det gjeld både innan kirurgi og medisin.

Tiltaka som har vore sett i verk fram til sommaren 2008 har ikkje gitt ønska effekt. Det har vore ei god utvikling frå veke 26 til 30. Talet på korridor pasientar aukar og det ligg no over måltala som føretaket har satt for å redusera talet på korridor pasientar.

Helse Stavanger forventar at tiltaka samla vil få større effekt utover hausten 2008. Med den utvikling ein nå ser er det likevel grunn til å spørja om tiltaka vil gi tilstrekkeleg effekt. Det er på denne bakgrunn innkalla til møte med Helse Stavanger. Møtet blir halde 8. okt. 2008 og vil ha fokus på ytterligare tiltak.

Helse Vest RHF føresett elles at styret i Helse Stavanger har ei tett oppfølging av saka. Talet på korridor pasientar må reduserast slik det er planlagt og det må sikrast at verksemda til ei kvar tid er fagleg forsvarleg.

Helse Vest RHF har det overordna ansvaret for at pasientane får eit forsvarleg tenestetilbod. Helse Vest vil følge saka basert på rapport kvar veke og gjennom dei faste leiarfora.

Dersom ikkje Helse Stavanger får redusert antal korridor pasientar i samsvar med bestillinga i styringsdokumentet, skal ein ikkje sjå vekk ifrå at Helse Vest kan bli ansvarleggjort på same måte som for Sandviken i Helse Bergen.

Administrerande direktør vil difor rå til at dersom situasjonen ikkje betrar seg, blir det etablert eit tilsvarande opplegg for oppfølging som Helse Vest hadde mot Helse Bergen i oppfølging av korridor pasientar på Sandviken.

## Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest RHF føresett at Helse Stavanger HF gjennom dei tiltak som er sett i verk, eventuelt nye tiltak, klarer å oppfylle dei krav som er stilt i styringsdokumentet og frå Helsetilsynet i Rogaland, og krava styret i Helse Stavanger sjølv har vedteke i styremøte 16.06.08.
2. Helse Stavanger må auke bruken av pasienthotellet i tråd med dei måla som er sett og i samsvar med nasjonale erfaringar.
3. Dersom ikkje antal korridor pasientar blir vesentleg redusert, ber styret i Helse Vest om at administrerande direktør etablerar eit opplegg for oppfølging tilsvarande det ein etablerte for Sandviken i perioden september 2007 til april 2008.

Vedlegg – vekentlege nøkkeltal frå Helse Stavanger – veke 39/2008

